



ÅRDAL
HUNDEKLUBB

ÅRSMELDING 2018



I 2018 har styret i hundeklubben vore samansett slik;

Verv	Namn	Periode
Leiar	Laila Røneid	2018/2019
Nestleiar	Nina Framstad-Helle Hunderi	2019/2020
Sekretær	Elise Fretheim Neverdal	2019/2020
Kasserar	Bodil H. Selland Nordnes	2018/2019
Styremedlem	Oskar Seim	2019/2020
Styremedlem	Hilde Johanne Myklebust	2018/2019
Vara	Kjetil Haug	2018/2019
Revisor	Aud Andersen	2018/2019
Revisor	Rune Hunderi	2019/2020

Nestleiar trekte seg frå vervet i juli 2018, men styret valgte å fortsette ut valperioden utan å føreta nytt val.

Valkomite

Leiar	Hilde Johanne Myklebust	2017/2018
Nestleiar	Rune Hunderi	2018/2019
Medlem	Nina Merete Sandvik	2017/2018
Vara	Ingrid Nordbye-Antonsen	2018

Medlemstalet var pr 31.12.2018 på 86 medlemmer som er ein nedgang på 8 medlemmer frå 2017.

Det har vore halde 5 styremøter og 1 medlemsmøte.

Økonomi

Klubben har god økonomi med kr 152 030,- på brukskonto pr 31.12.2018. Det gir eit **overskot i 2018 på kr. 42085,-**. I tillegg er det eigen konto og rekneskap for agilitystevnet. Denne kontoen har saldo pr. 31.12.2018 på kr 112 852,-.

Aktivitet:

- ✓ Barnegruppa har hatt treningar, men det var kun 3 deltakarar med på desse.
- ✓ Agilitykurs: Har vore eitt kurs for vidarekomne i ridehallen.
- ✓ Kvelpekurs: gjennomført 2 kvelpekurs. God deltaking på begge kursa.
- ✓ Dugnad på klubbområdet: det har vore to gode økter med dugnad på området.

Treningar:

Mandagar har det vore faste treningar for kvardagslydigheit, konkurranselydigheit, rallylydigheit.

Tysdagar har det vore faste treningar for nybegynnar og vidarekomne i agility. Søndagar har vorte nytta til konkurransetrening for agilitygjengen.

Det er varierende deltakartal på treningane, men hausten har hatt noko auka aktivitet og deltaking på alle treningane. Agility har hatt ein del nye innom og har nokon kveldar måtte dele treninga i 2 grupper.

Agilitystevne

29. juni – 1. juli 2018 arrangerte klubben sitt agilitystevne. Stevnet gjekk over 3 dagar. Fredag var det uoffisielle løp som var kvalifisering til finale laurdag og kåring av «Aordalsmeister 2018».

Laurdag og søndag var det offisielle løp i Agility og Hopp. Interessa for å komme til Årdal igjen på stevne var enorm. Rykte om flott arrangement i 2017 hadde spreidd seg, til stor glede for oss som arrangør. Me hadde totalt 830 løp på 3 dagar.

Laurdagen arrangerte me barn og hund med god deltaking frå lokale og tilreisande born og hundar.

Årdal kommune stilte opp med fri bruk av anlegget på «Cuba», Klingenberg hotell med gode overnattingstilbod og domarmiddag. Verksemder lokalt var rause med sponing og me fekk inn mykje flotte premiar. Royal Canin var ein av hovudsponsorane med for til alle klassevinnarar.

Klubben hadde aldri kunne arrangert eit slikt stevne utan alle dei frivillige som stilte velvillig opp og hjelpte oss. TUSEN TAKK til samtlege for ein fantastisk jobb!

Deltakarane kom til Årdal og fekk oppleve eit stevne med positiv og hjelpsam innstilling og supre velstelte baner.

Me er klar til ny stevnehelg 28. – 30. juni 2019 og håpar me klarar å skape like gode rammer denne gongen og.

Laila Røneid
-leiar-

Bodil H. Selland Nordnes
- kasserar-

Elise Fretheim Neverdal
- sekretær-

Hilde Johanne Myklebust
- styremedlem-

Oskar Seim
- styremedlem-

Budsjett 2018 - Årdal hundeklubb

Budsjett 2018	Inntekter
Medlemskontingent	20000,00
Grasrotmidler	3000,00
Kurs	15000,00
Studieforbundet Natur og Miljø	3000,00
Grunnstønad – kulturmidlar	2000,00
Nøkkeldespositum	1000,00
Agilitystevne	50000,00
Sum inntekt	94000,00
Utgifter	
Treningsplassen	25000,00
Grasklyppar	25000,00
Gebyr	500,00
Straum	2500,00
Dugnad	2000,00
Styremøte/medlemsmøte/årsmøte	3000,00
Diverse forefallande	5000,00
Agilitystevne	20000,00
Kurs	10000,00
Sum utgift	93000,00
Overskot 2018	1000,-